



UNIVERSITETET I BERGEN

Bergen 030507

**Det medisinske fakultet,
Universitetet i Bergen**

Sak 07/4309 MED/BEG

HØYRING ad "Tiltak mot spredning av Legionella - lov og forskrifter"

Etter oppmoding frå dekanus har underskrivne gått gjennom høyringsdokumentet og har følgjande merknader. Høyringsdokumentet **"Tiltak mot spredning av Legionella"** inneheld omfattande bakgrunnsstoff om omfang av legionellasjukdom i Norge dei siste åra og oppsummering av kontrolltiltak som til no har vore i bruk. Ein føreslår no endring av tiltaka i form av ei forenkling, men samstundes set ein krav om tredjepartsvurdering. Vi meiner høyringsnotatet er fagleg godt underbygd, men er usikre på eitt punkt:

Om ein tek utgangspunkt i dei siste sju åra, har omlag 1/3 av legionellatilfella vore knytte til utbrot. Dei tilrådde tiltaka vil truleg i første rekkje kunne førebyggje utbrot og er i mindre grad eigna til å førebyggje sporadiske tilfelle. I høyringsnotatet vert det synt til at tiltaka er vurdert i samanheng med ei risikovurdering føreteke av Folkehelseinstituttet. Premissen i denne vurderinga er ikkje medteken i notatet. Vi tillet oss derfor å peike på at tiltaket med obligatorisk tredjepartsvurdering og vinsten med dette må sjåast i samanheng med ei slik risikovurdering. Ein bør og vurdere dei samla kostnadene med ei slik ordning opp mot den forventa risikoreduksjonen.

Stig Harthug (sign.)
Professor II
Institutt for indremedisin

Karl-Henning Kalland (sign.)
Avdeling for mikrobiologi og immunologi
Gades Institutt

